



Vaksdal gamle bedehus

Utlånt av Knut E. Knutsen

## DET FYRSTE BEDEHUSET PÅ VAKSDAL

---

Trygve Hvidsten

---

Her var ikkje så mykje folk busett i Vaksdalbygda for godt og vel 100 år sidan. I 1875 var folketalet 393, i året 1900, 614.

Men millom folk som budde her, var der og den gong nokon som kalla seg truande, - eller kristne. Dei kom saman til sine møte, eller samling som dei kalla det, rundt på gardane der ein hadde store stover. På Jamnegarden var ein slik møtestad, likeins i **Garden** på Boge.

Omlag 1860 kom ein og annan predikant. Etter slike møte vaks flokken av kristne. I 1876 vart Vaksdal Misjonsforening skipa. Trettito mann skreiv seg inn som lemer i foreininga. Namnet var seinare endra til Vaksdal Indremisjonsforening. Det vart

samarbeid millom foreininga på Vaksdal og Bergens Indremisjon, slik at talarar som hadde møte i Bergen, kom til Vaksdal og heldt møte. Millom dei var og Andreas Lavik. Møta han heldt, vart til hjelp for mange.

I **1892** kom den unge trønderen Hans Svebakken til Vaksdal. Han var ein dugande talarar, og for første gong kunne ein tale om vekking. Veneflokken voks, og det vart vanskeleg å halda fram med dei små venesamkomene. Ein byrja å skipe til festar, der alle som ville kunne vere med. Inngongspengar til første feten var 20 øre. Ikkje alle lika denne samanblandinga av mat og møte. Ein måtte då hugse at det skulle vera eit Guds hus.

Denne tenkemåten kom også fram då ein la fram planar om å byggje Bedehus. Det var uråd å verte samde om å ha kjøkken i Bedehuset.

Med dette er me då komne fram til at første Bedehuset på Vaksdal vert bygd. Tomta der huset skulle byggjast, låg omlag 75 meter innanfor der Tabernaklet no står. Tomta var gjevne av Nils Andersen Vaksdal. I gavebrevet som er skrive ut 12.juli 1895, heiter det: "Skule Bedehusets bestyrelse nogensinde fatte beslutning om at grunden ikke lenger skal benyttes som Bedehustomt, skal den uden vederlag falde tilbage til den daværende eier av ovennevnte gårdsbrug."

Bedehuset vart bygd ferdig i 1895. Det vart vigsla av sokneprest Lampe, 1.september same året. Bedehuset som vart bygd, var nok mykje høveleg for tilhøva den tid, og det vart og nytta til anna enn berre møte.

I **1896** finn ein at huset har vore nytta i samband med framsyning av ljósbilete. Vaksdal Totalavholdsforeing hadde og møte der omkring 1896-98. Eles kan ein nemne at huset i minst eitt høve vart nytta til sjukkestove, i samband med smittsame sjukdomar som gjekk i bygda.

Ein skal so nemne litt om korleis ein fekk inn midlar , kva som vart samla inn og kva huset kom til å koste.

Det var i året **1893** ein sende ut lister for innsamling, og på listene kom inn ca. kr 1300,-. På vigslfesten kom det inn kr 96,41, elles hadde ein basar, der det kom inn ca. kr 375,-.

Kostnaden med å få bygd huset vart til sammen kr 1918,58. Men Bedhuset, som ein no hadde bygd, vart ikkje ståande lenge, for slik står det skrive i gamle protokoller: "Den 24.juli 1904 blev det i Vaksdal Bedehus Missionsforening foretaget valg på en Bygningskomite som skulde varetage foreningens tarv under flytningen av Bedehuset og have tilsyn med det samme." Valget faldt på: Olai Monsen Bruvik, Ole Larsen Tangen, Einar Strømme, Jørgen Furubotn og Søren Larsen Boge. Grunnen til at ein var komen til at huset skulle flyttast, veit me ikkje så heilt sikkert, men det

som har vore sagt mann og mann i millom, er at staden der huset stod, var utrygg for steinras frå fjellet ovafor.

Komiteen som var vald, heldt mange møte, Når det galdt tomt å flytte huset til, hadde ein frå først av to. Begge var meir i sentrum av Vaksdal den tid. Sjur Thomassen hadde lova å gi tomt gratis, vidare hadde Nils Mikkelsen gjeve tilbod om tomt.

Det var heller ikkje den tid slik at ein kunne berre sette i gang med bygging der ein hadde mest hug. Ein hadde noko som heitte "Sunnhedskommisionen". Det var lovar og reglar om fråstand millom husa osb. Komiteen arbeidde og streva. Om dette fortel protokoll frå møte den 13. august 1904: "Lørdag 13.august 1904 var 4 medlemmer etter samlede. Fraværende var Ole Tangen. Bedehusets grundmur ble oppmålet, og den nye grund hos Sjur Thomassen løselig oppmålt. Nils Mikelsen hadde da givet beskjed om at han ikke vilde selge noen grund. Det var da intet at velge mellom. Det viste seg da ved oppmålingen at når vi gikk ti meter fra Paddøens hus som var allmindelige forskrifter for bygning av huse i Brudvig kom den ene, den østre langvegg av Bedehuset omtrent midt i den gamle florsgrund, og det sydvestre hjørnet av taget inn under tilleggrafrådene. Adskillig oplysninger ble besluttet innhentet hos Bestyrelsen av Bedehuset."

Det vil ta for mykje tid å referere alle dei skriv og spørsmål som byggekomiteen stiller til bestyrelsen og til Sunnhedskommisjonen. men omsider fann sakene si løysing, og den 8. november 1904 stod denne utlysinga i "**Morgenavisen**" og "**Hordaland**": "Anbud på opførelsen av en grundmur til Vaksdal Bedhus, - kan innsendes 20 desember d.å. til undertegnede hvor nærmere opplysninger erholdes. Boge 8.11 1904. Søren Larsen Boge".

For å få inn midlar til arbeidet vart det sendt ut lister i heile Vaksdal, - til Bruvik, Olsnes, Langhelle og Stavenes med denne påskrift: "Frivillige bidrag til Bedhusets flytning." Og alle var med, og dei gav etter evne. Totalt kom det inn på listene kr 834,93. I tillegg til dette vart det tat opp lån i Bruvik Sparebank 6.mai 1905 på kr 500,-.

Arbeidet med flytting vart sendt ut på anbud. Den 11.12.1905 kunne ein sjå dette i **Sambåndet**: "Anbud på Træarbeid me at nedrive og oppsætte Vaksdal Bedehus (som skal flyttes) tilligemed tillegg av den Material som måtte ødelegges under arbeidet, kan innsendes til undertægnede innen 11.2.1906. Arbeidet med riving og oppsetting vart gjeve til Joh. Kleveland frå Dale. Tirsdag 11.4.1906 begyndte han at rive, og Bededag 19 mai 1906 var vi samled og hadde oppbyggelse i huset første gang etter at det var flyttet" og lørdag 27 august var vi samlede og så og mottog huset, med nogen få Bemerkninger." Utgiftene totalt for riving, flytting, oppsetting av grunnmur og huset bygt opp igjen, var kr 1.296,30.

Så skulle ein vel tru at no var soga om Det fyrste Bedehuset i Vaksdal omme. Men slik er det nok ikkje. Utviklinga førde med seg at ein hadde funne ut at der var i grunnen mange ting ein ville hatt med i Bedehuset, etter at den nye tid kom med nye krav for eit meir teneleg hus. Og så skjer det igjen. Den 26.5.1932 kjem denne utlysinga:

"Herved innbydes til anbud på oppførelse av Vaksdal bedehus, i henhold til vedlagte tegninger og beskrivelse o.s.v."Men framleis stod gamle Bedehuset på tomta, og kva med det ? Det var nok av dei som var interesserte i å overta, millom desse var Arna Indremisjon og Bruvik Indremisjon. Etter fleire møte med dei to interesserte indremisjonsforeiningane, vart det i møte 31.5.1932 tatt avgjerd om at Bruvik Indremisjonsforening skulde få kjøpe huset på slike vilkår:

- "1. Vaksdal bedehus selges til Bruvik Indremisjon for kr 1400,-.
2. Huset må være bortflyttet fra tomten innen utgangen av juni måned.
3. De kr 1400,- betales Vaksdal Indremisjon innen 15 august d.å. Benker, kateter, bord, bilder og ovnen i salen følger ikke med i salget. Med i salget er komfyren på galleriet og den elektriske instalasjon."

Den som vil, kan sjå det fyrste Bedehuset i Vaksdal, men han må reise til Bruvik. Der står det no, - finare og meir tenleg sett opp att, enn nokon gong tidlegare.

Kjelder er:

*Foretegnelse over bidragsytere til Vaksdal Bedehus 1893 v/Eilev Olsen.*

*Regnskapsbok 1895-1896 v/Eilev Olsen, Ole Eilevsen og Ole Tangen.*

*Regnskap for Bedehusets flytting 1905. V/Olai Bruvik.*

*Kyrkje og Kristenliv i Bruvik, 1937, v/Prost N. Møllerup, Anders Vaksdal og Joh. Litleskare.*

*Festskrift til Bruvik Kyrkje sin 70 års dag. 1937.*